

# Fugleatlas

## vanlege artar i nærmiljøet



### KJØTTMEIS

**Lengde:** ca. 15 cm

**Tal på egg/ungar:** 8–13 **Kjenneteikn:**

Gult bryst med kraftig svart stripe.

Svart hovud med kvite kinn.

**Lyd:** Vårsong; *tu-ti-tu-ti* eller *titi-tu-titi-tu*



**Levestad:** Finst over heile landet, heilt opp til skoggrensa både sommar og vinter. Vår vanlegaste vinterfugl. Besøker ofte fuglebrettet og er lett å få til å legge egg i fuglekasser.

**Næring:** Frø og bær om vinteren, insekt og larvar om sommaren.

**10 meiseartar hekkar i Noreg**

### BOKFINK

**Lengde:** ca. 16 cm

**Tal på egg/ungar:** 4–5 **Kjenneteikn:**

Hannen: blågrå på hovudet, rustraudt

bryst. Hoa: gråbrun, har som hannen

to kvite vengeband. **Lyd:** *fru-fru-fru-*

*frrr Borkrevink*



**Levestad:** Trivst i all slags skog over heile landet. Ein av dei vanlegaste fuglane våre om sommaren. Trekkfugl, dreg til Dei britiske øyene og Vest-Europa, men nokre få overvintrar.

**Næring:** Frø, bær, knoppar og insekt.

**16 finkeartar hekkar i Noreg**

### LINERLE

**Lengde:** ca. 19 cm

**Tal på egg/ungar:** 5–6 **Kjenneteikn:**

Svart på hovud og bryst, kvite kinn,

kvit buk og lang mørk stjert. Hoa litt

blassare i fargen. **Lyd:** *sivit-sivit*

+ *kvitrande song*



**Levestad:** Liker seg ved bekkar og vatn, finst over heile landet. Er ofte å sjå nær hus og i hagar. Svært tillitsfull. Trekkfugl, dreg til Sør-Europa og Nord-Afrika.

**Næring:** Insekt, men kan òg ete brødsmular på fuglebrettet.

**3 erleartar hekkar i Noreg**

### SKJOR

**Lengde:** ca. 50 cm

**Tal på egg/ungar:** 6–8

**Kjenneteikn:** Kvit og svart med veldig lang stjert.

**Lyd:** Kan bråke og skjenne med høge,

skurrande lydar. Lokkelyden er *sjakk*

... *sjakk*.



**Levestad:** Finst overalt der det bor folk, og finst aldri langt ut i marka. Sit ofte i toppen av eit tre eller øvst på hustak. Bygger store kvistreir i tre. Er i landet heile året.

**Næring:** Frø, bær, kjøt, fisk, avfall, åtsel osv.

**8 kråkefuglarter hekkar i Noreg**

### STARE

**Lengde:** ca. 22 cm

**Tal på egg/ungar:** 5–7

**Kjenneteikn:** Glinsande svart med nokre få lyse flekkar på ryggen. Gult nebb.

**Lyd:** Veldig varierende song.

Hermer etter andre fuglar.



**Levestad:** Vanleg i låglandet over heile landet. Helst i kulturlandskapet. Trekker til Dei britiske øyene og Nordsjøkysten mot Frankrike. Kjem tilbake i februar/mars. Kan overvintrare langs vestkysten av Noreg. Hekkar villig i fuglekassar.

**Næring:** Insekt, meitemark, korn, frø og bær

**Er einaste hekkefugl hos oss frå starefamilien.**

### GRÅTROST

**Lengde:** ca. 26 cm

**Tal på egg/ungar:** 5–6

**Kjenneteikn:** Grått hovud. Brun overside. Gulbrunt bryst med mørke flekkar. Svart stjert.

**Lyd:** Gnissande sammensurium av tonar.



**Levestad:** Finst i all slags skog over heile landet. I år med mykje bær kan mange overvintrare. Men dei fleste trekker ut av landet til Dei britiske øyene, Belgia, Frankrike og Spania.

**Næring:** Bær, insekt og meitemark

**6 trosteartar hekkar i Noreg**

**KATTUGLE****Lengde:** ca. 40 cm**Tal på egg/ungar:** 2–6**Kjenneteikn:** Raudbrun eller gulgrå med svarte flekkar.

Svartbrune auge, stort hovud.

**Lyd:** *hoo*, etter ca. 5 sek. fulgt av *kokk-ho-o-o-o-o-o-o-o***Levestad:** Finst mest i låglandet i Sør-Noreg. Trivst best i gammel lauvskog. Er berre aktiv om natta og høyrast ofte da. Går i skjul i eit høgt tre om dagen.**Næring:** Mest smågnagarar, men et også nokre småfuglar.**10 ugleartar hekkar i Noreg.****FLAGGSPETT****Lengde:** ca. 26 cm**Tal på egg/ungar:** 4–8**Kjenneteikn:** To store kvite skulderflekke. Svart rygg, kvit buk. Raudfarga under stjerten. Kraftige nebb.**Lyd:** *kykk* eller *kikk*. Hurtig hakking (tromming) kan høyrast**Levestad:** Finst i blandingskog over heile landet, men fåtalig på Vestlandet og i Nord-Noreg. Hakkar ut djupe hol i trea der dei legg eggja sine.**Næring:** Insekt, larver og maur som dei hakkar ut frå rotne tre.**8 hakkespettartar hekkar i Noreg.****TJELD****Lengde:** ca. 44 cm**Tal på egg/ungar:** 3–4**Kjenneteikn:** Svart hovud, bryst og rygg. Kvit buk. Langt og raudoransje nebb.**Lyd:** *Tu-pii tu-pii trrrrrrr tu-pi tu-pi pi pi pi* eller *plitt-plitt***Levestad:** Svært vanleg fugl langs heile norskekysten. Finst òg langs større elver og vatn innover i landet. Trekkfugl som overvintrar langs kysten av Aust-England, og kysten av Belgia og Nederland (Vadehavet).**Næring:** Muslingar, sniglar, krepsdyr og meitemark.**27 vadefuglar hekkar i Noreg****STOKKAND****Lengde:** ca. 57 cm**Tal på egg/ungar:** 8–10**Kjenneteikn:** Blå vengespegel, gult nebb. Hannen: grønt hovud, kvit halsring, brunt bryst. Hoa: brunspragla.**Lyd:** *Kvææk***Levestad:** Utbreidd ved vatn og våtmark over heile landet bortsett frå i fjellet. Dei fleste overvintrar og samlast langs kysten og elles der det er ope vatn. Er lite redd, og folk pleier mate dei med brød.**Næring:** Insekt, sniglar, vassplanter og gras.**16 andearter hekkar i Noreg.****FISKEMÅKE****Lengde:** ca. 44 cm.**Tal på egg/ungar:** 3**Kjenneteikn:** Blågrå overside og venger, elles heilt kvit. Vengene svart ytst med kvite flekkar. Gulgrønt nebb.**Lyd:** *eiiia eiiia æ-æ-æ-æ-kæu***Levestad:** Utbreidd over heile landet i tilknytning til vatn, elver og våtmark. Trekker til Danmark og Dei britiske øyene på vinteren, men nokre få overvintrar.**Næring:** Insekt, småfisk, sniglar, meitemark og avfall.**7 måkeartar hekkar i Noreg.****HAVØRN****Lengde:** ca. 100 cm**Tal på egg/ungar:** 2–3**Kjenneteikn:** Gamle fuglar lysebrune med heilt kvit stjern. Unge fuglar mørkebrune med mørk stjern. **Lyd:** *kli kli kli* eller *klekk klekk***Levestad:** Finst langs heile norskekysten, sjeldan på Sørlandskysten, vanleg frå Vestlandet og nordover. Kan òg treffast på i innlandet.**Næring:** Fisk, småfugl, åtsel.**2 ørnearter, havørn og kongørn, hekkar i Noreg. Fiskeørn høyrer til ein annan familie**